


BOKN BYGDEBLAD

Nr. 9. - nov. 1986 årg. 1

Bokn vil ha gass- kraftverket til Ognøy

Delegasjon frå Bokn til olje- og energidepartementet
for å leggja fram Bokn sitt syn på plassering av kraftverket

LES SIDE 2



Bokn vil ha gasskraftverket til Ognøy

På eit orienteringsmøte som Statkraft hadde i Kopervik midt i oktober, opplyste prosjektleder Torstein Asvold at to stader i Årvik-området aust for Kårstø er dei mest aktuelle plasseringsstadene for eit gasskraftverk. Årsaka til dette er at ein kan sleppa det oppvarma kjølevatnet direkte ut i den djupe Hervik fjorden. Ein meiner at ved å leggja kraftverket på sjølve Kårstø-terminalen eller på Ognøy må kjølevatnet sleppast ut i det grunnare Kårstø-bassenget, som alt er noko belasta gjennom utlepp frå Kårstø-anlegget. Ein meiner oså at Ognøy-alternativet vil bli dyrare enn dei andre alternativa.

Bokn formannskap gjorde i sak 90/86 vedtak kommunen skal arbeida vidare med saka for om mogleg å få vurdert Ognøy som lokaliseringsstad for det planlagde gasskraftverket.

Bokn kommune har bede Rogaland fylkeskommune om støtte til at Ognøy blir vurdert som eit alternativ for plassering av gasskraftverk. Fylkesutvalet har nå gitt støtte til at Ognøy må vurderast som alternativ til dei andre stadene.

Det er altså for å leggja fram Bokn kommune sitt syn på dette spørsmålet ein delegasjon frå

kommunen reiser til olje- og energidepartementet.

Det er Tommeliten-feltet i Nordsjøen som skal forsyna det planlagde gasskraftverket med "råstoff". Det vil kunna bli levert gass frå 1991, slik at anlegget må vera klart til det tidspunktet.

Det planlagde kraftverket vil kunna levera ein kraftmengde som tilsvarar 5 % av det totale kraftforbruket i Norge i dag. Arealkravet er på mellom 60 og 80 mål. Kraftverket vil kunna gi arbeid til mellom 50 og 100 personar i full drift. Arbeidskraftbehovet i sjølve byggeperioden er større.

Mange meiner nok nå at Tysvær kommune står sterkt m.h.t. plassering av kraftverket, i og med at Statkraft har gått ut og alt starta arbeid med oppdatering av eigedomsgrensar og andre førebunde tiltak. Det ville likevel vore om å gjera å få ei skikkeleg utgreiing om Ognøy som alternativ plasseringsstad for kraftverket. Så lenge dette ikkje er gjort, er det vanskeleg å seia kor aktuelt dette er.

Eit kraftverk av denne storleiken vil gi store inntekter til den kommunen som blir vertskommune for kraftverket. For Bokn ville dette ha svært positive verknader økonomisk, då kommunen er fattig på industri frå før.

PÅ BOKN BARNEHAGE OG SKOLE:

FNs internasjonale fredsår 1986

MARKERING AV FN-DAGEN 24. OKTOBER

FN-sambandet i Norge, som av Utenriksdepartementet er anmodet om å være sekretariat for FNs internasjonale fredsår 1986, oppfordret i år alle skoler og barnehager til å markere fredsårer på FN-dagen 24. oktober.

Bokn barnehage markerte dagen både den 23. og 24. oktober p.g.a. at de har to barnegrupper. Ungene inviterte foreldrene til sin utstilling av tegninger med temaet "Krig og Fred", og til etterfølgende kaffe og sjøllagede "Fredsboller. Videre hadde ungene lært seg en sang som er innspilt av May Britt Andersen, "Ballongvise", som var en del av opplegget "Om verden var en ballong" som barnehagen hadde fått fra FN-sambandet. Etter oppfordring fra FN-sambandet, ble denne sangen sunget kl. 12 på FN-dagen, samtidig med andre barnehager og skoler rundt i Norge.

Bokn skole markerte ~~og~~ dagen med et fellesarrangement hvor barnekoret sang og elevene framførte egne fredsdikt. Innslag fra dette arrangementet ble forøvrig sendt på Radio 102 fredag natt med lærer Jardar Havikbotn som programansvarlig.

OPERASJON DAGSVERK 1986

100% OPPSLUTNING AV 43 ELEVAR

Kr. 4.420,- vart samla inn av 43 elevar ved Bokn skule under OPERASJON DAGSVERK som gjekk føre seg torsdag den 23. oktober. Aksjonen går ut på at elevar skal gjera ein dags jobb hos private eller andre, og få kr. 100,- for dette arbeidet. Løna går til det formålet som på førehand er avgjort. I år gjekk pengane til helse- og undervisningsprosjekt i Afghanistan. Dei fleste frå Bokn skule gjorde eit skikkeleg arbeid, men nokre fekk "lett" arbeid heime.

Anita Kro og June Grønnestad var på seminar i Haugesund i forbindelse med aksjonen. At dei tok ein dag av haustferien til dette, syner at interessa er på topp.

På vegne av Operasjon Dagsverk: Takk til alle som har hatt folk i arbeid.

"START SJØL"

I anledning SR-banks 10 års jubileum, har banken satt i gang en etableringskampanje kalt "start sjøl".

Tirsdag den 21. oktober ble det holdt et orienteringsmøte under dette mottoet på Bokn skole.

Banksjef Bertha Våge ledet møtet. Også nordfylkets næringslivsmedarbeider Dagfinn Pedersen, representerte SR-bank. Til å svare på spørsmål fra publikum, hadde en forøvrig følgende i panelet: Revisor Einar Hansen, næringskonsulent Stein Alendal, Ordfører Leif Vatnaland og rådmann Jan Erik Nygaard.

Bertha Våge holdt en kort innledning før panelet fikk slippe til med innlegg.

Rådmann Nygaard åpnet med å presisere at hovedansvaret for etablering av eventuelle arbeidsplasser ligger hos initiativtakeren sjøl. Kommunen har i denne sammenheng liten økonomisk handlefrihet, men kan tre støtte til på det mer formelle plan som søknader, kontakt med fylket og statlige myndigheter.

Videre kan kommunen tilrettelegge industritomter. Nygaard orienterteså kort om prosjektet som en arbeider med i kommunen. Der er mottaksanlegget på Knarholmen hvor en håper på oppstart i slutten av inneværende år og som vil gi 7-8 heltidsstillinger og noen deltid. Videre er det

et stamfiskanlegg som skal eies og drives av oppdretterne i Rogaland i fellesskap. Og til slutt: Gasskraftverket - Kommunen vil arbeide for at dette blir plassert på Ognøy - dette vil i så fall innebære betydelige beløp i eiendomsskatt til Bokn kommune.

Utsiktene til flere arbeidsplasser på Bokn mente rådmannen var lyse med tanke på oppdrettsnæringen, fiskemottaket, Bokn Plasts produksjon av oppdrettskar for landbaserte anlegg, anleggsperioden for fastlandsforbindelsen og service- og turistnæringen. En la også stor vekt på jordbruks- og fiskerinæringens betydning for stabil bosetning i kommunen og ser nødvendigheten av utvikling og nytenkning også innen denne sektoren.

Rådmann Nygaard sluttet sitt innlegg med å si at han hadde stor tro på en positiv utvikling i framtida for Bokn kommune - en utvikling som også ville innebære nye arbeidsplasser.

Ordfører Leif Vatnaland innledet så med en kort redegjørelse for hvordan arbeidet med fastlandsforbindelsen ligger an. Vegtraseen over Ognøy, Austre og Vestre Bokn er nå stukket, en har foretatt grunnboringer og finstikking vil skje seinere. En antar start for prosjektet

"START SJØL", forts.

sommeren 1987 og slutføring 1992. Vegsjefen har imidlertid gått inn for en forsering av driftsplanene, og dersom dette blir vedtatt, har vi fastlands forbindelsen allerede i 1991!

SR-banks Dagfinn Pedersen tok, naturlig nok, utgangspunkt i SR-banks etableringskampanje og la her særlig vekt på SR-bank Bokns ansvar som enebank i kommunen. Banken var ifølge Pedersen, villig og interessert i å støtte folk i en eventuell etableringsfase og også hjelpe dem med den rent formelle siden.

Næringskonsulent Stein Alendal åpnet deretter sitt innlegg med å understreke at fastlands forbindelsen åpnet for markedene både nord- og sørover og at dersom en ønsket å utnytte dette, måtte det gjøres nå. "Når broa ligger der, kan det være for seint", sa Alendal. Etablering tar tid. Bokn kommune er en såkalt 25% kommune - dette inne bærer at en får 25% tilskudd til etableringer. Det er ikke sikkert at nabokommuner som ikke har slikt tilskudd vil akseptere dette når fastlands forbindelsen er opprettet. Dette skjedde eksempelvis med Tysvær etter Kårstøutbyggingen. Investeringer bør altså rent taktisk sett gjøres nå.-

Alendal redegjorde videre for DU-fondet, markedsundersøkelses-tilskudd, opplæringstilskudd, tilskuddsordning for til egen opplæring og produktutviklingstilskudd - alle tilskudd som næringskonsulent vil hjelpe eventuelle "nyskapere" med å benytte.

Revisor Einar Hansen orienterte til slutt om aksjeselskaper.

Ordet ble så gitt fritt til salen, og et emne som gikk igjen var jordbruket og de mulighetene som finnes der. Det var tydeleg at flere mente at jordbruket på Bokn har stagnert og at det er på tide å gå nye veger. Sigmund Alvestad påpekte i denne sammenheng medlemskap i en forsøksring var en mulighet på vegen mot andre driftsformer. Videre var det en markert interesse for å registrere alle som sitter hjemme og syr, strikker, hekler, maler, vever, snekrer o.l. og som gjerne vil selge dette. Bertha Våge kunne her fortelle at banken har vurdert å beholde bankbygningen og leie ut deler av bygningen til kunstgalleri og omsetningslokale for husflid.



PRESENTASJON AV LAG OG
FORENINGAR I BOKN

I DAG:

Kvinneforeningane for
Det Norske Misjonsselskap

Det er i dag 3 kvinneforeningar for NMS i Bokn: Det er Austre Bokn kvinneforening, Hognaland misjonsforening og Kyrkjebygda kvinneforening.

Ingen veit heilt nøyaktig kva tid desse foreningane vart stifta, men dei er heilt visst dei eldste i Bokn. Det er fortalt at ein mann frå Austre Bokn var utsending og var i 1842 med og stifta Det Norske Misjonsselskap i Stavanger. I 1942 heldt foreningen på Austre Bokn ein stor fest i høve av at NMS var 100 år. Tal arar var: misjonær Laurits Nil sen, presten Ivar Åsen og kona hans Dikka. Koret til lærar Knut sen song. Ei mengd med folk var samla (ca. 200). Dette var i krig en, men det vart slakta ein okse og det vart servert ferskt kjøtt med løksaus og kaffi og heimebakt. Det var godt ver, talar og song gjekk føre seg ute i skulegarden, og ein åt i alle rom inne i skulen. Denne festen gjekk seinare under namnet "Stutafesten".

To-tre år etter krigen heldt foreningen 100 årsfest for foreningen. Frå fyrst av var det ein forening i Våga og ein i norda bygda, men basaren hadde dei

i saman, truleg ein gong hjå kvar, for det er fortalt av gamle at de var basar i huset som Svein Kro, Torbjørn Nedrebø og Osmund L. Våge bur i, og ei kvinne fortalde for ei tid sidan at ho åtte 2 par koppar som ho som lita jente hadde vunne på basar på Nedrebø. På Austre Bokn er dei for lenge sidan saman i ein forening. Ei tid heldt dei møta sine på bede huset. Nå går dei rundt i heimane, men endå har dei same gamle misjonsbøssa med hengelås som dei legg misjonsgåva si i. Denne foreningen har alltid vore i arbeid, aldri kvilt, og basaren har dei alltid hatt midtsumars.

Foreningen i Kyrkjebygda er og gamal. Ingen veit alder, men det er fortalt at for ca. 75 år sidan var det misjonsfest i "Vigaløå". Basaren til denne foreningen vart ei tid kalla for "Nygårdsbasaren". Det kom av at Helena Nygård var formann, og sonen hennar som arbeidde i ein forretning i Stavanger skaffa så mange fine gjenstandar. Denne foreningen har slutta med basar for nokre år sidan, men gir i bøssa. Og i september er det fest med offer til misjonen.

Presentasjon av lag og foreningar i Bokn..... framhald

Heller ikkje på Hognaland veit dei kor gamal foreningen er. Tru leg over 100 år. Frå fyrst av var Loten, Jøsang, Søndaland og Are saman. Dei skiftes om å ha møtene og ferdast då i båt. Det var ikkje skikkeleg veg. Grønne stad hadde forening for seg. Dei hadde basaren saman. Etter at bedehuset vart bygd i 1920, har møtene vore haldne der.

Denne foreningen som hadde namnet Søndre krets kvinneforening vart nedlagt i 30 ára då alle medlemene var blitt gamle og ingen unge kom til. I 1946 kom Ruth Vereide til Bokn. Ho fekk samla ein del unge kvinner som var viljuge til å ta dette arbeidet opp att.

Møtene er på bedehuset og basaren er Palmelaurdag.

Endå ein forening har det vore i Bokn. Det var Håland og Vatnaland kvinneforening. Der var med kvinner frå Håland, Vatnaland, Hodel, Dagsland og Økland. Medlemene vart gamle og foreningen slutta i 30 ára. Kvinner frå desse gardane har funne sin plass i lag med dei andre.

Alle foreningane har møte anna kvar veke, og held på den gamle gode tradisjonen med bibellesing, bøn og salmesong, og les frå gode misjonsbøker. Særs festleg er det når me får besøk av heimever

ande misjonærar og andre utsendingar. I gamle dagar var og nokre menn med. Det var dei som heldt andakt en. For lenge sidan er det slutt, men kvinnene har trufast halde arbeidet i gong heile tida.

Helsing Misjonsforeningane.

Tildeling av tomter

Bjørn Pedersen har fått tildelt tomt nr. 13 i byggefeltet i Alvestadkroken, og Helge Våge får behalda tidlegare tildelt tomt nr. 18 i Alvestadkroken.

For begge tildelingane gjeld vedtekne pris og retningsliner som gjeld for tildeling av kommunale bustadtomter i Bokn kommune.

AUKSJON

Laurdag den 8. november skal Bokn skulekorps ha den årlege auksjonen sin på Bokn skule. Dei er derfor på jakt etter ting som kan auksjonnerast bort. Det vil seinare koma melding om kor ein skal henvenda seg for å få avlevert ting.



Har du noko du vil gje bort?

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN - NOV. 1986.

MERK.
 På tirsdagane på dagtid
 utfører heimesjukepleie
 berre faste pl.oppdrag.
 Andre som treng hjelp
 denne dagen kontaktar
 legekont. tlf.74 84 65.

Man. 3.nov. Tir. 4 Ons. 5 Tor. 6 Fre. 7	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt mandag og tirsdag frå kl.16-08.Else Kr.N. har vakt frå kl.16-08 onsdag og torsd.Gunn Gr.stad har vakt fred.
Lør. 8 Søn. 9	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Man.10 Tir.11 Ons.12 Tor.13 Fre.14	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Else Kristine Nilssen har vakt frå kl.16-08.
Lør.15 Søn.16	Else Kristine Nilssen har vakt heile helga.	
Man.17 Tir.18 Ons.19 Tor.20 Fre.21	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Grønnestad har vakt frå kl.16-08.
Lør.22 Søn.23	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Man.24 Tir.25 Ons.26 Tor.27 Fre.28	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Else Kristine Nilssen har vakt frå kl.16-08.
Lør.29. Søn.30	Else Nilssen har vakt heile helga.	

TELEFONAR:

ELSE Nilssen 74 83 38
 Gunn Gr.stad 74 85 93
 Else Kr. N. 74 83 38
 Legekontoret 74 84 65

LEGEVAKTTENESTA.

for dei som ønskjer å
 kontakta legevakta dir-
 ekte utan om heimesj.pl
 er tlf. 85 25 20 Koper-
 vik kvar dagar mellom kl
 15-08. Lørd. og sønd.
 døgnvakt.

REKRUTTERING AV PERSONELL TIL BRANNVESENET

Som erstatning for personell som er blitt fritatt for tje neste søker brannvesenet etter 3 personer i alderen mellom 18 og 55 år for tjeneste ved Vestre Bokn brannstasjon. Av hensyn til brannvarslings ordningen bør personene være bosatt i Føresvik/Alvestad-området.

Kvinner oppfordres særskilt om å søke.

Interesserte bes henvende seg til brannsjefen for nærmere orientering. Tlf. 74 85 43.

AUSTRE BOKN:

Utbetringsarbeid på vegen

Arbeidet med utbetring av vegen mellom Våga og Nydal er nå kome i gang.

Det er folk både frå vegvesenet, televerket og kraftverket som er i arbeid.

Det skal gjerast førebuande arbeid for leggjing av olje grus. Vegen skal utbetrast til betre standard enn i dag. Vegbreidda blir 3 meter pluss skulder på kvar side, og det skal vera møteplasser på heile strekninga.

BASAR PÅ AUSTRE BOKN

Fredag 21. november kl. 19.30

skal gutte- og jenteklubben på Austre Bokn halda basar. Klubben som er tilslutta Karmsund Indremisjon sår besøk av Toralf Steinsland. Han vil og halda andakten.

Av alle dei fine gevinstante som er blitt til i bedehuskjellaren og skal loddast ut, kan me nemna: Barnebord m/ to stolar, lastebil m/ tilhengar køysenger til dokker, aviskorg, tina som kan rosemalast, fuglehus og blomsterampel m.m. Ca. 10-12 broderier som små bilder m/ rame, puter, dukar, pengetasker i skinn og mykje meir. Kaker og andre gaver frå heimane blir det og.

I kjellaren blir det dekket bord. Der får me kjøpt smørbrød og kaker, kaffi og brus.

Alle er velkomne! Helsing "Klubben"


TV-AKSJONEN-86:

Kr. 50,- pr. innbyggjar i Bokn.

TV-innsamlingsaksjonen den 19. oktober ga eit godt resultat i Bokn. Vel kr. 33.000,- blei samla inn, og saman med det som kommunen løyvde, nemleg kr. 3.000,-, kom ein opp i kr. 36.880,- totalt.

Eit godt resultat!

« Biblioteket »



OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16.^{oo} - 19.^{oo}

TORS DAG: 10.^{oo} - 13.^{oo}

LESETIPS FOR NOVEMBER:

NYE

bøker for barn:

- * Grimstad, Ivar:
Sigrids saga. 1986.
- * Werbell, Frederick E.:
Raoul Wallenberg. 1986.
- * Haugland, Jens:
Dagbok frå kongens råd. 1986.
- * Gage, Nicholas:
Eleni. 1986.
- * Engelstad, Carl Fredrik:
De levendes land. 1986.
- * Ambjørnsen, Ingvar:
Hvite niggere. 1986.
- * Bergström, Gunilla:
Fest hos Albert Åberg. 1986.
- * Lindgren, Astrid:
Draken med de röde öynene. 1986.
- * Brunhoff, Jean de:
Babar blir far. 1986.
- * Brunhoff, Laurent de:
Babar og Arthur, den ugagnskråka.
- * Svedelid, Olov:
Betongrosene og senterbanden.
- * Thorseth, Harald og Ragnar:
På eventyr med Saga Siglar. 1986.

• **LESING GJEV OPPLEVINGAR,**
KUNNSKAP OG GLEDE •

Vellukka

PENSJONISTTREFF

I samband med SR-bank sitt 10 års jubileum, inviterte SR-bank Bokn til pensjonisttreff på Bokn skule fredag den 10. oktober kl. 17.30.

At dette var eit populært tiltak, kunne ein sjå av det store fram møtet av pensjonistar. Ca 70 var møtt fram for å ta del i festen.

Og banken hadde fått tak i mange gode krefter til å ta seg av dei ulike delene av programmet, både folk frå Bokn og andre. Etter velkomst frå banksjefen var det først musikkskulen sin barneleikarring som hadde framsyning av folkeviseleik og dans, og det blei både songdansar og musikkdansar

Etter dette var det ei gruppe frå skulemusikkorpset som spela.

Så fekk pensjonistane høyra det nystarta barnekoret som song fleire songar, eit par saman med Venevil på fløyte og Oddrun solosong. Det er Jardar Havikbotn som instruerer og øver med koret.

Så var det Børge Wennech frå Haugesund som tok over, både med skjemt og alvor. Han fekk

forsamlinga til å syngja "Mellom bakkar og berg" i mange ukjende tonar.

"Uten mat og drikke duger helten ikke"- heiter det som kjent, og SR-bank stelte godt med gjestene sine i så måte. Herlege smørbrød og marsipankaker blei servert saman med ein kaffitår, og praten gjekk lystig i forsamlinga. Det var 9- klassingar frå Bokn skule som serverte mat og kaffi.

Etter loddsal var det igjen Wennech som fekk latteren på gli'. Han hadde både forteljingar, vers konkurransar og dikt.

Det var deretter Oddrun Håland sin tur med 4 stemningsfulle songar. På enkelte vart ho akkompagnert både på piano og fløyte ved Jardar og Venevil.

Etter trekninga delte banken ut blomster til dei medverkande.

Det syntes som om dei fleste hadde likt seg godt på pensjonisttreffet, som hadde ei inntekt på kr. 1.500 på utlodninga. Dette gjekk uavkorta som gave til Bokn Pensjonistforening.

Vel blåst SR-bank Bokn!

RUTE FOR BOKN RUTEBIL

ALLE TIDER ER CA TIDER

	Skoled	Skoled	Mandag til fre- dag v/skolefri	Bare tirs- dag, skoled.
Fra Føresvik	0755	0940	0920	1650
" Are	-	-	0930	1700
" Loten	0810	0955	0955	1720
" Jøsang	0815	1000	1000	1725
" Hognaland	0820	-	-	-
" Dagslandskr	0825	-	-	-
" Grønnestad	0830	1010	1010	1735
" Gunnarstad	0835	1015	1015	1740
" Alvestadkro	0840	1020	1020	-
Til Føresvik	0845	1025	1025	1745
Fra Føresvik	1435		1435	
" Alvestadkro	1440		1440	
" Gunnarstad	1445		1445	
" Grønnestad	1450		1450	
" Dagslandskr	1455		1455	
" Hognaland b	1500		1500	
" Jøsang	1505		1505	
" Loten	1510		1515	
" Vatnaland	1520		1520	
" Are	-		-	
Til Føresvik	1525		1525	
<u>Bare fredag</u>		<u>Bare søndag</u>		
Fra Føresvik	1730		Fra Føresvik	1850
" Alvestadkr	1735		" Are	1900
" Vatnaland	1740		" Vatnaland	1905
" Are	1745		" Dagsland	1910
" Dagsland	1750		" Loten	1915
" Søndeland	1755		" Jøsang	1920
" Loten	1800		" Søndeland	1925
" Grønnestad	1810		" Grønnestad	1930
" Grønnestad	1815		" Gunnarstad	1935
Til Føresvik	1820		" Alvestadkroken	1940
			Til Føresvik	1945



HAUGALAND BILLAG A/s

NY PLAN- OG BYGNINGSLOV

KOMMUNEPLAN MÅ LAGAST FOR BOKN

Ny plan- og bygningslov trådte i kraft frå 1.07.86. Etter denne datoen gjeld ikkje lenger dei stad festa generalplanvedtektene. Kommunestyret kan gjera vedtak om mel lombels plankrav etter § 117 i lova, slik at dette gjeld når plan- og bygningslova blir sett i verk og inntil tre år frå dette tidspunktet.

Kommunane har sjøl stor fridom til å utforma kommuneplanarbeidet slik dei sjøl ønskjer. Drivkrafta for kommuneplanarbeidet må liggja i den eigennyttan kommunane har av planarbeidet.

Ettersom kommunane stadig blir viktigare for samfunnsutviklinga, får dei også større behov for plan og oversyn i verksemda si. Ei effektiv planlegging er ein nødvendig føresetnad for rette avgjerder på rette tidspunkt, og for reell styring av ressursbruken.

Kommuneplanarbeidet må på den eine sida klarleggja kva for problem og utfordringar kommunen som samfunn står framfor - knytta til innbyggjarane sine levekår, og det å halda vedlike og utvikla trygge og stabile lokalsamfunn med variert næringsliv og gode fysiske, sosiale og kulturelle miljø. På den andre sida må kommuneplanarbeidet avklara korleis kommunen som organisasjon skal arbeida for å nå dei måla ein har

for utviklinga i kommunen. I denne samanhengen er det viktig å utvikla samspelet mellom politikarane, administrasjonen og dei som bur i kommunen.

Kommuneplanlegginga gjeld den samla verksemda i kommunen, og femner såleis såvel om den sosiale, kulturelle og økonomiske utviklinga i lokalsamfunnet, som utviklinga av næringslivet.

Plan- og bygningslova legg opp til at innbyggjarane i kommunen skal ta aktivt del i planprosessen. Eit av måla med reformene i lokalforvaltninga var demokratisering, og det er ei utfordring for kommunane å leggja til rette for at innbyggjarane blir med og påverkar avgjerdsprosessane.

For Bokn kommune vil arbeidet med kommuneplan vera svært viktig akkurat nå, sidan kommunen står framfor fastlandssamband som vil få store konsekvenser for kommunen på alle område. Det gjeld utviklinga i kommunen på alle område. Det er ikkje berre planlegging av arealutnytting som er viktig, men også utviklinga på det kulturelle, sosiale og andre område. Ein vil koma tilbake til dette emnet seinare, då ein ønskjer å informera meir om dette viktige feltet som vil få konsekvensar for heile lokal samfunnet.

UTLYSING :

Midlar til styrking av førebyggjande tiltak for barn og unge.

Bokn kommune har pengar som skal gå til styrking av leiar situasjonen i lag og forening ar for barn og unge. I praksis vil dette seia at ein ønskjer å gje ei oppmuntring og ei støtte til leiarane i form av pengar for den innsatsen dei gjer når det gjeld å aktivisera barn og unge i Bokn. Dei foreningane siom har fleire leiarar må dela midlane mellom desse.

Ein minner elles om at kultur styret kvart år deler ut midlar til drifta av foreningar og lag.

Søknadsskjema får ein ved å ven da seg til sosialkontoret.

SØKNADSRIST 20. nov. 1986.

ABRAKADABRA

TEATRET

KJEM TIL BOKN DEN 28.NOVEMBER MED STYKKET "FERIEBILDER". DET ER FOR BARN FRÅ 5 ÅR OG OPPOVER.

OPPSLAG KJEM SEINARE.

Annonse

Bokn

Folkeakademi :

Svein Molaug kjem til Bokn tirsdag den 4. november.

Pensjonert direktør på sjøfarts museet i Oslo, Svein Molaug, kjem til Bokn tirsdag den 4. november. Kl. 19.30 skal han ha foredrag med lysbilder over emnet: Vår gamle kystkultur"

Svein Molaug har nyleg gitt ut eit 2-binds verk om dette emnet, som gir ein levande presentasjon av forfedrene våre sitt liv og kultur langs kysten.

Bokn Folkeakademi ønskjer alle velkomen til musikkrommet på Bokn skule denne kvelden.

Annonse

BOKN ARBEIDERPARTI

gjentar fjorårets suksess med

HYGGEKVELD

på musikkrommet på Bokn skole,
fredag 7. november kl. 20.00.

PROGRAM :

Opplesing

Folkeviseleik

Beverting

Daniel Thuestad spiller til dans.

Alle medlemmer med venner eller kjente er velkomne!

Inngangspenger.

Arr: Festkomitéen.

B-post

NAMN _____

ADRESSE _____

FOTPLEIE

Det vert fotpleie fredag den 7. november. Påmelding til sosial kontoret, tlf.74 85 32 snarast.

DANS

Diskoteket har arrangement:

1.11, 8.11, 22.11 og 29.11.

Bokn Brass arr. HØSTFEST 15.11.

ANDRE ARRANGEMENT

4.11: Svein Molaug:"Vår gamle kyst kultur". Musikkrommet kl.19.30.

7.11 Bokn AP har HYGGEKVELD i Musikkrommet kl.20.00

14.11 Bokn pensjonistforening har møte i Musikkrommet.

20.11:Barnebasar på Bokn skule

21.11: Bonde- og småbrukarlaget har møte.

24.11: Kino


27.11: Bokn Hagelag har møte.

28.11: ABRADABRATEATRET har forestillinga "FERIEBILDER" i gymnastikksalen, Bokn skule kl. 15.30.

Automatisk konto-opplysning hele døgnet!

Som kunde i SR-BANK kan du som har tastafon med stjerne og firkant benytte deg av vårt nye servicetilbud:

SR-BANKOFON – hvor du kan få automatisk kontoopplysning 24 timer i døgnet.



SR-BANKOFON er elektroniske signal som omformes til en datastemme. Den gir deg informasjon om hvordan du skal gå frem for å få saldo og de 5 siste bevegelser på dine konti i SR-BANK.

Prøv nå!

Ønsker du å høre hvordan SR-BANKOFON virker kan du gjøre dette ved å ringe tlf. 04-53 20 45 benytte vår testkode 3201.14.33331 og testkode 1-2-3.

Personlig kode!

For å benytte deg av SR-BANKOFON må du i tillegg til tastafonen også ha en personlig kode. Den er din nøkkel inn til dine konti. Nærmere informasjon om kode og bruk av SR-BANKOFON får du ved henvendelse til din SR-BANK.